
Saknr: 2020/45888-1
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		21.04.2020

Nyskapande aktivitetsanlegg

Forslag til vedtak:

- 1 Intensjonsavtale mellom Lokale- og Anlægsfonden og Vestland fylkeskommune vert forlenga til 31.12.2020.
- 2 Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering får mynde til å tildele løyvde midlar for 2020, kr 900.000 til prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i infrastruktur som ikkje vert dekkja gjennom spelemiddelordninga til pilotprosjekta.

--- slutt på innstilling ---

Samandrag

Prosjektet nyskapande aktivitetsarena er forankra i Anleggspolitik for Vestland fylkeskommune 2020-2024 (vedteken av fellesnemnda i juni 2019), og er tiltak 16 i handlingsprogrammet. Målet er å få fram anlegg av nyskapande karakter med høg funksjonell kvalitet og ei utforming som kan inspirere den framtidige utviklinga av aktivitetsanlegg for fysisk aktivitet og idrett lokalt, regionalt og nasjonalt. Anlegga skal vere berekraftig både sosialt, miljømessig og økonomisk, og vellukka prosjekt skal inkluderas i www.godeidrettsanlegg.no. Gjennom arbeidet er det og eit mål å påverke ny politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel.

Det vart inngått ein intensjonsavtale mellom Lokale- og Anlægsfonden (LOA) og Vestland fylkeskommune 20. september 2019. Avtalen varar til 31. april 2020, og aktørane ser at det er ønskjeleg å utvide avtalen til 31.12.2020. I løpet av denne perioden skal prosjektet forankrast hjå relevante aktørar og ein prosjektplan bli utarbeidd. Dette er grunnlag for ein samarbeidsavtale for perioden 2021-22. LOA er ein sjølvvegande institusjon, kompetanseformidlar og utviklingsfond i Kulturministeriet i Danmark sin regi. Dei utviklar og rådgir byggeprosjekt og fysiske anlegg innan idretts-, friluft- og kulturlivet.

Hausten 2019 og våren 2020 har LOA rettleia 5 ulike pilotprosjekt i 4 kommunar knytt til uteområde ved ulike skular. Dei utvalde kommunane søkte på ei open ordning (i Hordaland), med formål å utvikle attraktive uteområder ved skular gjennom m.a. brei medverknad. Prosessen har avdekkja behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag, prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i infrastruktur som ikkje vert dekkja gjennom spelemiddelordninga. Det er innleia samtalar med ein privat aktør om mogleg finansielt bidrag til prosjektet. Det er avgjerande for gjennomføringa av pilotprosjekta å få ei rask avklaring av korleis Vestland fylkeskommune kan bidra i det vidare arbeidet.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Britt Karen Spjeld
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestland fylkeskommune ønskjer å leggje til rette for bygging av fleire nyskapande og innovative aktivitetsanlegg med nasjonal relevans. Dette er forankra i *Anleggspolitikkk og kriterier for tildeling av spelemidlar til anlegg for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune med handlingsprogram 2020-2024 (tiltak 16)*.

«Anleggsutvikling er det viktigaste verkemiddelet for å nå visjonen om ein fysisk aktiv kvar dag for folk i Vestland. Det er innbyggjarane sitt behov for aktivitet som skal liggje til grunn for kva anlegg som skal byggast. Eit godt kunnskapsgrunnlag, god planforankring, samhandling mellom offentleg, frivillig og privat sektor på ulike nivå kombinert med ei brei medverknad frå innbyggjarar er avgjerande for å kunne møte framtidens behov. Tverrsektoriell samhandling er avgjerande for ei heilskapleg forvaltning og ei utvikling som går i same retning. Føremålet er å byggje dei "riktige" anlegga og at ressursar vert nytta meir målretta.»

I Regional kulturplan for Hordaland (2015-2025) står det m.a. at "ved utvikling av kultur- og idrettsarenaer skal ein tenkje inkludering i vid forstand, og søke å fjerne fysiske, økonomiske og mentale hindringar for allmenn bruk». I Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 står det m.a. "i anleggsutviklinga skal det leggjast til rette for at alle skal kunne ha like føresetnader for deltaking. I planlegginga må det vere sterkt fokus på allsidigheit og universell utforming, breidde når det gjeld typar anlegg og å sikre brukarmedverknad.»

I innspel til ny Stortingsmelding idrett (PS 10/2019, møte 02.12.2019) seier Hovudutval for kultur, idrett og integrering m.a. at *Vestland fylkeskommune ønskjer å drive eit nasjonalt pilotarbeid der ein vektlegg bruk av kunnskap og brei medverknad for å bygge dei riktige anlegga. Målet er å utvikle nokre bærekraftige eksempelbygg som er nyskapande og inspirerande på tvers av idrettar, aktiviteter og kultur. Utvikling av ulike verktoy med overføringsverdi til andre og erfaringar som kan påverke ny politikk og innretting av statlege, fylkeskommunale og kommunale verkemiddel er også ein del av det vi ønskjer å oppnå, t.d. prosesskrav for prosjektutvikling og sjekklister/ suksesskriterier, identifisere barrierar for utvikling. I prosessen må det vere eit breitt lokalt engasjement frå ulike brukargrupper. På denne måten kan det skapast attraktive møteplassar i lokalsamfunnet som er nyskapande i funksjon, organisering og aktiviteter, med ein arkitektur av høg standard. Utvalde prosjekt bør få støtte til å gjennomføre gode medverknadsprosessar på tvers av sektorar. Prosessen skal vere verdiskapande i seg sjølv og prosjekta skal fungere som endringsagentar både når det gjeld bygging og bruk av areala".*

Lokale- og Anlægsfonden

I samarbeid med LOA og andre nasjonale, regionale og lokale aktørar vil fylkeskommunen utvikle ein berekraftig modell for bygging av nyskapande aktivitetsarenaer i kommunane.

LOA er ein sjølvvegande institusjon, kompetanseformidlar og utviklingsfond i Kulturministeriet i Danmark sin regi. Rådgiving, forskning og utredning er ein stor del av fonden sitt arbeid, og dei samarbeider tett med Ildrættens analyseinstitutt. Intensjonen med fondet er å møte det sterke behovet for fornying i anleggstenking som resultat av befolkninga sine endra aktivitetsmønstre. Prosjekta har ført arkitektar og planleggarar tettare saman med idrettslag og kommunar for å tenke nytt og kreativt når det gjeld anleggsutvikling.

LOA har ved jamne mellomrom hatt innlegg på fylkeskonferansen kultur og idrett i Hordaland, med særskilde gode attendemelding frå deltakarane. Hordaland fylkeskommune gjennomførte i tett samarbeid med LOA dialogkonferanse idrett og friluftsliv i København i 2007 og 2015 med brei deltaking frå kommunane. I mars 2019 og 2020 arrangerte Idrettskretsen ein studietur til Danmark for idrettsråd, ordførarar og kulturtilsette i kommunane. Fleire kommunar er inspirert og ønskjer konkret å bruke LOA sin kompetanse for å utvikle nyskapande aktivitetsarenaer.

Pilotprosjekt

Det er kommunane Austevoll (Austevoll ungdomsskule), Bjørnafjorden (Nore Neset ungdomsskule og Fusa ungdomsskule), Kvam (ny vidaregåande skule) og Stord (Nysæter ungdomsskule) som per i dag er ein del av samarbeidet. Dei søkte hausten 2019 om bistand til å utvikle uteområder ved skular. Ungdom er prioritert då det er færrest i denne aldersgruppa som oppfyller tilrådinga om å vere fysisk aktiv i minst 60 minutt om dagen, og fråfallet i idretten og andre organiserte kulturaktivitetar er aukande. Graden av trivsel i nærmiljøet er lågast blant ungdom og kjensla av einsemd størst. I tillegg rapporterer jentene om aukande psykiske utfordringar.

LOA har bidrege med sin kompetanse via digitale møter, synfaringar til alle skulane og informasjonsdeling i etterkant. Dette har gitt særns nyttige erfaringar i høve til å kunne utvikle ein "LOA-modell" i Norsk kontekst. Arbeidet i dei lokale prosjekta har så langt avdekket behov for ytterlegare prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i infrastruktur som ikkje vert dekket gjennom spelemiddelordninga. I tillegg må kunnskapsgrunnlaget vidareutviklast med:

- nasjonale og internasjonal utfordringar, forskning og trendar.
- lokale utfordringar som ein finn i folkehelseoversikt og anna eksisterande kunnskap.
- utvikle ny kunnskap m.a. i samarbeid med Idrettscampus Bergen og Høgskulen på Vestlandet.

Utviklingstrendar viser m.a. endra befolkingssamansetting, nye fritidsvanar (ad hoc deltaking), ulik deltaking i fritidsaktivitetar (store samfunnsgrupper er ikkje med) og ulikskap i kjønn- og alder (færre jenter og ungdomar deltek).

Sentrale spørsmål i utviklingsarbeidet er:

Kvifor? Kva vil ein oppnå? Kva endring? Visjon for prosjektet?

Korleis nå visjonen, involvere interessentar og tilrettelegge prosessen?

Kven bygger vi for? Hovudbrukarar, tilbakevendande brukarar og/eller nye brukarar?

Kva skal byggast? Kven kan visualisere det? Korleis realisere?

Delprosjekta er utfordra til å utarbeide ei interessentanalyse over alle som kan tenkast å ha ei interesse i prosjektet eller kan forventast å bli påverka av prosjektet, t.d. elevar/andre barn og unge, foreldre, frivillige organisasjonar, tverrsektoriell involvering, naboar m.fl. Ei arbeidsgruppe, breitt samansett av lokale aktørar frå ulike sektorar i kommunen (administrativt og politikarar), lag og organisasjonar og representantar frå ulike brukargrupper t.d. elevråd, skal drive arbeidet. Vestland fylkeskommune og LOA deltek ut frå behov. Ein arkitekt, med den rette kompetansen, bør drive prosessen og teikne ut forslag på basis av innspela som arbeidsgruppa kjem med. Ev. økonomisk oppfølging av delprosjekta vert vurdert etter søknad ut frå behova og prosjektplanen til dei involverte kommunane.

Vedtakskompetanse

Hovudutval kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det er løyvd kr 900.000 i budsjettet til dette arbeidet i 2020.

Fylkestinget 17. desember vedtok i PS 14/2019 å utsetje prosjektet nyskapande aktivitetsarenaer til 2021 (budsjettposten vart redusert med kr 500.000 i høve til rådmannen si innstilling).

Klima: Prosjekta skal ha fokus på å skape ei berekraftig anleggsutvikling både økonomisk, sosialt og miljømessig.

Folkehelse: Gode nærmiljø er viktig for folkehelsa.

Regional planstrategi: Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kultur og idrett.

Konklusjon

Samarbeidet med LOA har så langt gitt nyttige erfaringar til anleggsutviklinga i Vestland. Dei store skilnadane i konteksten LOA arbeider i Danmark og fylkeskommunen her i Norge, har medført at ting har teke lengre tid enn forventa. I tillegg har avklaringar med andre sentrale aktørar i samarbeidsmodellen vore krevjande. Arbeidet med oppfølging av pilotprosjekta har avdekket behov for ytterlegare kunnskapsgrunnlag, prosesskompetanse (arkitekt med rett kompetanse) og bidrag til investering i infrastruktur som ikkje vert dekket gjennom spelemiddelordninga. Ei vidare oppfølging av desse prosjekta vil gje nyttig kunnskap til modellutviklinga og utarbeiding av prosjektplan som skal liggje til grunn for ein samarbeidsavtale for perioden 2021-22. Som del av dette, vil det vere ei utlysing til alle kommunar om deltaking i prosjektet.

Såleis tilrår fylkesrådmannen at intensjonsavtalen med LOA vert forlenga til 31.12.20, og at fylkesrådmannen får mynde til å tildele løyvde midlar for 2020, kr 900.000 til vidare utvikling av pilotprosjekta.